



Arkivnr: 2014/2-44

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		11.09.2014

Forslag til bruk av fellesmidlar for Fagskulane i Hordaland**Samandrag**

Så langt i år er det om lag kr 2 millionar igjen av fellesmidlane for fagskulane. Dette er meir enn normalt av di det vart overført midlar til investeringar frå overskotet i 2013. Det viser seg at det ikkje er naudsynt å nytta midlane til dei investeringane dei var tenkt for, og det vert difor føreslege å nytta midlane på andre tiltak.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek følgjande aktivitetar og fordeling av midlar for hausten 2014:

Fagskulesamling	kr	20 000,00
Reklamefilm	kr	400 000,00
40 % ressurs	kr	300 000,00
Sosiale tiltak	kr	30 000,00
Totalt	kr	750 000,00

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.08.2014

Dei siste åra har det vore sett av kr 1,8 millionar til fellesutgifter for Fagskulane i Hordaland. Midlane vert hovudsakleg nytta til marknadsføring, men også til styrekostnader, reiseutgifter for sekretariatet og liknande. Stort sett har det vore midlar igjen på slutten av året, og desse har vore nytta til å styrke dei tilboda som har kome dårleg ut økonomisk.

Tidlegare vart det berre sett av éin million, og det kan tyde på at det i framtida vil vera nok med denne summen til fellesutgifter, med mindre det er ønskjeleg med ein buffer for små tilbod. I budsjettåret 2013 var det om lag 800 000 kroner som ikkje vart nytta innan året var omme. Desse midlane vart overført til budsjettåret 2014 av di ein hadde forventa ekstra utgifter til investeringar. Det viste seg at det ikkje var trong for desse midlane til ekstra investeringar, og det er difor om lag 2 millionar kroner igjen av fellesmidlane så langt i år. Ein del av desse midlane vil verte nytta til marknadsføring mot slutten av året for neste søkjærperiode, men det er likevel rom for å bruke av desse midlane til nye aktivitetar dette året.

Under er forslag til aktivitetar og kostnad:

Fagskulesamling

Det er ikkje oppretta eigne fora og møteplassar for leiinga ved Fagskulane i Hordaland, og det er derfor ønskjeleg å halda ei årleg samling for styret, rektorane og avdelingsleiarane ved fagskulane. Desse samlingane kan ha form som strategisamlingar og/eller fagleg oppdatering/utvikling.

Forventa kostnad kr 15 000,-.

Reklamefilm

For å marknadsføre Fagskulane i Hordaland vert det føreslege å laga ein reklamefilm om Fagskulane i Hordaland og skuleslaget. Filmen kan verte vist på kino i ein kampanjepériode i høve til neste søkerfrist i tillegg til å verte lagt ut på nett. Ein kan også legge filmen ut på sosiale media. Total kostnad 400 000,-.

Stilling – helse 2 x 20 %

I år har det vore låge søkerantal ved Fusa fagskule, og det er berre kome inn 30-40 reelle søkerar. Dersom det ikkje kjem fleire kvalifiserte søkerar, vil skulen berre kunne starta opp med 3 tilbod, medan dei kunne ha fått støtte til å starta opp 5 tilbod. Det er sett i gang tiltak for å rekryttera fleire studentar, men det vert også arbeidd med meir langsiktige rekrytteringsplanar. På bakgrunn av utfordringane helsefagskulen har hatt med rekryttering i år og tidlegare, er det ønskjeleg å halda ein rekrytteringskampanje. Prosjektrettleiar for prosjektet «Bli helsefagarbeidar», representant frå fylkesmannen, regionleiar i Opplæringsavdelinga og Fusa fagskule er med i arbeidsgruppa som skal utforma kampanjen. Kampanjen skal ha fokus på rekryttering til helse- og sosialfaga; både på vidaregåande og fagskule. Som ein del av kampanjen er det tenkt at to fagskulelærarar kan verte frikjøpt i kvar si 20 % stilling for å arbeida med informasjonsarbeid om fagskuletilboda direkte mot kommunane. Kostnad 300 000,-.

Sosiale tiltak

I samband med implementering av tiltaka i skulebruksplanen vert det føreslege at dei tre fagskulane vert påskjøna for god innsats med midlar til sosial tiltak. Mange har hatt stort arbeidspress i samband med den nye organiseringa, og det er viktig at innsatsen vert anerkjent. Kostnad 3 x 10 000,-.

Aktivitetar og disponering av midlar - 2014

Fagskulesamling	kr	20 000,00
Reklamefilm	kr	400 000,00
40 % ressurs	kr	300 000,00
Sosiale tiltak	kr	30 000,00
Totalt	kr	750 000,00